

## **Innspel til rullering av idrettsplanar og utarbeiding av anleggsstrategi**

Sidan Nordhordland Turlag med sine 1944 medlemmer har stor aktivitet i alle tre kommunane i nye Alver kommune, sendes likelydande innspel til kvar av kommunane. Turlaget gjev fylgjande innspel:

### **Dagsturhytte i Alver kommune**

Nordhordland Turlag ser på mogelegheitene for å etablere ei dagsturhytte i den nye kommunen. Slike hytter har vorte særst populære fleire stader i landet, særleg i Sogn og Fjordane. Vanlegvis må ei slik hytte liggje sentralt kor folk bur eller går turar, gjerne der stiar møtes frå fleire stader. Vi håper at dersom dette vert aktuelt for Turlaget, kan ei slik hytte oppnå tildeling av spelemidlar. Det vert truleg avgjerande for å få realisert prosjektet.

### **Kart og skilting**

Det har tidlegare vorte utarbeidd kart for kvar av kommunane, men nokre år sidan førre utgåver. Turlaget meiner at når vi blir til ein kommune, bør eit nytt turkart for Alver verte laga. Eit anna viktig tiltak bør vera å skilta betre kor turløypene startar. Å finna startpunkta for turane er ofte det vanskelegaste med heile turen! Vi håpar at det kan gjerast eit arbeid i alle kommunane med å kartlegga viktige og kanskje lite synlege startpunkt.

### **Parkering**

Det viser seg mange stader at det er vanskeleg å få parkert bilar ved dei mest populære startpunkta for turane. Forutan god tilgjengelegheit til der fotturen byrjar, så har dette også verknad for trafikktryggleik, samt å redusere eventuelle konflikter med grunneigarar. Vi håpar kommunane i sine planar kan regulere områder for god og trygg parkering, samt opparbeida slike plasser. Kvar kommune må sjå nærare på kor behovet er, men slik Turlaget ser det er desse plassane aktuelle for nye og betre løysingar;


- Stussdalen. Staden er utgangspunkt for den lettaste tilkomsten til Turlagshytta i Kalvedalen.
- Sør for Vågseidet ved stistart til Skausnøya. Stien herfrå er ein av dei mest populære i Lindås. I dag vert det parkert på to busslommer som gjev mykje kryssing av R 57. Parkering gjev også ulemper for grunneigarar.
- Totlandsfjellet ved Eikanger/Ostereidet ved E39. Mye brukt startpunkt, lite parkeringsplassar.

- Spjotøy ved Lindåsslusene. Slusene er eit særleg attraktivt område for fritidsaktivitetar både til fots og til vanns. Først og fremt burde ålmenta få tilgang til dette området på privat veg til slusene, samt tilrettelagt parkeringsplass nær slusene. Derfrå merka tursti til sluseområdet. Tett ved slusene burde det også vore mogelegheit for å setje ut kajakkar. Kanskje Bergen og Omland Friluftsråd kunne ha vore ein samarbeidspart i eit slikt prosjekt?
- Kajakkar har vorte særleg populært dei siste åra. Kommunane burde truleg vald ut og tilrettelagt minst fem stader i nye Alver kor det er særleg eigna med parkering og utsetjing av kajakkar. Og marknadsført tilbodet og desse stadane godt. Aktuelle slike plassar burde vore nemnde Lindåsslusene, ved molo på Toskavegen, Alverstraumen, Io, Eikanger- og/eller Hjelmåsbassenget, Feste og/eller Lygra, Litle Bergen/Flatøy, Risasjøen og ein stad nord på Radøy.

Dette er nokre innspel frå Nordhordland Turlag. Turlaget er også open for vidare dialog omkring desse innspela.

Lukke til med det viktige arbeidet med god tilrettelegging for eit mangfald av friluftsliv i Alver kommune!

Venleg helsing



Børge Brundtland

Styreleiar

Nordhordland Turlag

Tlf. 41163908